



Seglskuta STATSRAAD LEHMKUHL gjekk Storsund i kveld på reise til Rosendal med skiglade passasjerar.

Cruisebåtsesongen er starta. Berre i denne veka har Rosendal anløp av to skip. I kveld i 20 tida gjekk STATSRAAD LEHMKUHL Storsund på cruiset dei kallar Ski & Sail. På Tysdag kom MS AIDA vita med sine 42000 Brt. og 1300 passasjerar til Kvinnherad. Totalt er det meldt inn 23 skip med meir enn 14000 gjester.

MS AIDA vita kom til Rosendal i 11 tida i dårleg ver. Neste hamn var Haugesund. Med avgang i 19 tida hadde skipet god tid. Dei la difor turen innom Maurangerfjorden før kursen vart sett ut fjorden og over Sletto mot Sildabyen.

Seglskuta STATSRAAD LEHMKUHL kom som sagt til Rosendal i kveld. Oppdraget er eit vellukka tiltak der passasjerane er skiglade menneske som nyttar dagane i Kvinnherad med skigåring og toppturar. Dagaktivitetane er i regi av noko som vert kalla Hardanger Åtgaum. Kvar kveld er det samling om bord med Aftersea, god mat og drikke.

Retur til Bergen er sundag med avgang Rosendal kl. 09.00.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs



MS AIDA vita kjem til Rosendal fire gonger i sommar. Vakkert skip fotografert ved Skorpegavelen.